

Hovden: tysdag 27.08


Kl. 17:30 - Løvenes konge (2019)

Kl. 19:30 - Fast & Furious: Hobbs & Shaw

Bykle: onsdag 28.08

Kl. 17:30 - Løvenes konge (2019)

Kl. 19:30 - Fast & Furious: Hobbs & Shaw



Middagsfellesskap hausten 2019

Me inviterer til middag i kyrkjekjellaren fylgjande dagar:

- Tysdag 3.september
- Tysdag 1.oktober

Dei to siste middagane for hausten blir annonsert seinare.

Middag frå kl 16:30. Pris kr 50,- for vaksne, born u/10 år gratis.

Velkomen!

Arr.: Diakonitenesta i Bykle

Møte i kyrkjekjellaren

Møte med Hilde og Alf Halvorsen i kyrkjekjellaren den 28. og 29. august. Begge dager klokka 19.00.

Arrangør er : Bykle Normisjon

DALEBUKSEKURS!

Buksekurs v/Laila Rysstad. Kurset er på 150 timar og startar opp tysdag 20.august.

Kurset vil gå på tysdagar kl. 17-22.

Medlemspris 40,- per time, ikkje medl. 70,-.

Bindande påmelding innan 15.juli til Jørgine Mosdøl på tlf.: 951 72 235 eller mail: jorgine@online.no.

Arr.: Bykle Husflidslag



Gudstenester og møte



www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

4. august , Fjellgardane kyrkje, gudsteneste kl. 11:00

18. august, Tveitetunet i Valle, gudsteneste kl. 12:00

24. august, Fjellgardane kyrkje, gudsteneste med dåp kl. 14:00



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Kyrjekonsertar

3. juli i Valle kyrkje: Ian Richards, orgel

10. juli i Fjellgardane kyrkje: Sverre Eftestøl og Wenche Hunsbedt Svindland

17. juli i Bykle gamle kyrkje: Kulturpatrulja

24. juli i Fjellgardane kyrkje: Raymond Björling

7. august i Bykle kyrkje: Kristin Minde

31. august i Hylestad kyrkje: Oline og Karl Arthur Meland

Musikken og folket - konsert

Konsert i Valle kyrkje 25. august kl. 18:00 med Paal-Helge Haug, Sverre Eftestøl, Vidar Lande og Sigrid B. Berg. Inngang kr. 250 - kr. 200 for medlem av FA Valle

Arr: Folkeakademiet Valle i samarbeid med Valle kommune

NLM møte og basar

Velkommen til basar i Hoslemo bedehus laurdag 6.juli kl. 18.00, og til Sigurdsbustemne søndag 7.juli kl. 12.00 og kl. 14.00 i Fjellgardane kyrkje. Det vert pause mellom møta på stemna, så ta med mat og drikke.

Arr. NLM

Gratiskonsert på Rekordfestivalen

Gratiskonsert med The Modern Times på Rekordfestivalen laurdag 24. august kl. 14 på «plattingen» i Hegni.

Salg av pølser, is og brus.

Velkommen!

Arr: Rekordfestivalen og Bykle kommune, kultur og fritid



ORDFØRAREN INFORMERER

Sommarhelsing

Ein hektisk vår går mot slutten, i kommunen er det alltid mykje som skal landast før sommarferien. Mykje er godt i Bykle kommune, gode tenester og mange flinke medarbeidarar som står på for å yte tenester til innbyggjarar og gjestar. Vi har utfordringar vi òg, men det store bildet er positivt.

Dei største utfordringane slik eg ser det, ligg utanfor grensene til kommunen. Vi ser ei aukande sentralisering, og vi ser at styresmaktene jaktar på kraftinntektene som kraftkommunane får. Den over 100 år gamle samfunnskontrakten om at noko av verdiskapningen som skjer i distrikta, skal bli igjen i kommunane der verdiane blir skapte, er truga. Den 1. oktober skal kraft-skatteutvalet kome med forslaga sine om endringar på dette området. Dette kan bli krevjande.

Vi hugsar sommaren i fjor, så fint vær, så varmt og så tørt! Vi hugsar brannane, vi fekk toreåret utan nedbør og lynnedslag tente fyr på Setesdal. Maken til mobilisering frå lokalbefolkning, brannvesen og etter kvart sivilforsvar og heimevern. Med hjelp frå storsamfunnet fekk vi kontroll på 12 skogbrannar, men det som eg først og fremst sit igjen med, var den fantastiske innsatsen lokalbefolkninga viste!



Eg ønsker meg ein heilt normal sommar, med litt av alt. Det er då har vi det best, når alt er normalt.

Lokaldemokratiet lever i beste velgåande i Bykle, med 5 parti som stiller med gode lister til kommunevalet i haust. Det er ikkje noko vi må ta for gitt. Det viser eit stort samfunnsengasjement, mange ønsker å vere med på å forma det samfunnet vi lever i, det er utruleg viktig signal til sentrale styresmakter. Det lovar bra for Bykle kommune framtida si, Bykle vil òg framover vere ein god kommune å leva i.

Eg vil gjerne ønska dykk alle ein god «normal» sommar! La oss lade batteria, nyte ferien og rett og slett ha det godt!

Heildagstur laurdag 10. August

Oppmøte ved Bjåen Fjellstove kl. 10. Turen går over Sæsvatn til Kvikkevollen. Fjellstova stiller med 2 båtar med motor. I tillegg har vi 6 kanoar til utlån, så folk kan padle (plass til 3 i kvar kano).

Lengde: 4-5 km. å gå frå Kvikkevollen (kart: Søk på Kvikkevollen på www.norgeskart.no)

Varighet: 6-7 timar inkl. pausar og båttur. Tilbake ca. kl. 17.

Underlag: Sti/terreng

Guidar/arrangørar: Fjellreinskulen v/Ragnhild Bjåen, kultur & fritid v/Unn Hovden

Påmelding seinast (gjærne før!) 7. august til:

unn.hovden@bykle.kommune.no Tel. 37 93 86 98 / 915 60 215

Pris: Kr. 100,- for vaksne over 20 år, ellers gratis.


Tema: Kulturminne, segn og historieforteljing; merke etter tamreindrifta, segna om Såvisvarden, sylvgruver og Magnhildshellene. Det blir samling med bål (om det er lov), kaffi og litt enkel servering.

Ta med: Godt med mat og drikke, nok til å vere borte til ca. kl. 17. Gode sko (joggesko går stort sett greit, men ift. kano/båt kan det vere ein fordel å ha sko som toler litt vatn). Klede etter forholda - sjekk vermeldinga! (søk opp Kvikkevollen og Sæsvatn i Vinje, Telemark). Sitteunderlag og redningsvest om du har (gi beskjed ved påmelding om du treng å låne).

Velkommen!

Dysjesoga.

Eivind Bratteland, Trondheim, har skrive ei innhaldsrik bok om Dysje som han kallar Dysjesoga. Her kan du lese historia frå dei tidlegaste tidene og fram til vår tid. Du finn svært mykje interressant om dagleglivet i Dysje og historia til folk som budde der. Bøkene er for sal for 300 kr. på biblioteka i Bykle og Hovden.



Kultur & fritid i Bykle kommune.



Informasjon frå Bykle kommune

www.bykle.kommune.no

Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersielle hendingar i kommunen kan få ei redaksjonell omtale.

Byklaren kjem ut som følger i 2019:

september (frist 15.08), **oktober** (frist 15.09), **november** (frist 15.10) og **desember** (frist 15.11)

Send tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bykle.kommune.no/Innsyn

Planutvalet: 19.8 kl. 18:00

Formannskapet: 20.8 kl. 18:00

Kommunestyret: 29.8 kl. 18:00

[Høyr opptak frå Bykle sine kommunestyremøter.](#)

SommarCamp 2019 og Shadow:

SommarCamp 2019 6. – 9. august. Alle foresatte har fått oversikt på e-mail eller messenger. Her står all informasjon om aktivitet og busstider.

Ansvarleg for **SommarCamp 2019** er [Robert Jortveit](#), kontakt han på telefonnummer 90660522 om du har spørsmål om campen.

Shadow:

Shadow har sommarferie i juli

Ungane får med seg oversikt over klubbkveldane i Bykle og på Hovden med seg heim. Dugnadslista er basert på foresatte som ikkje har hatt vakt dei siste 18 månadane.

Det er viktig at de bytter internt om datoen for vakta er vanskeleg. Utan foreldrevakt kan vi ikkje gjennomføre klubbkveldar, så dette er ein viktig dugnad for ungane i bygda.

Bykle frivilligsentral

Bykle frivillig sentral har sommarferie i juli.

Bykle Frivilligsentral kjem med nyhende om drifta si når ny dagleg leiar er på plass.

Legetenesta - opningstider i sommar

Legekontoret i Valle og Hovden helsehus slår seg saman i 5 veker i sommar. Dette gjeld ifrå veke 28 (8/7) til og med veke 32(11/8).

Valle legekontor held ope mandag- onsdag og fredag i desse vekene.

Hovden Helsehus held ope tysdag og torsdag desse vekene.

Nye opningstider på rådhuset

Rådhuset har nye opningstider for publikum:
måndag til fredag kl. 09:00-14:00.

Dei som ynskjer avtale med sakshandsamar utanom opningstidene må avtale dette direkte med sakshandsamar. Bykle kommune oppmodar generelt om at det alltid blir gjort avtale med sakshandsamar før oppmøte på rådhuset.

Kommunens sentralbord er ope:

måndag til fredag kl. 09:00-14:00

Telefonnummeret til sentralbordet er: 37 93 85 00

Opningstider for kulturhusa

Hovden grendehus/biblioteket

24.- 28. juni, man-fre: kl. 9.- 16.

1. juli – 4. august: stengt

5.- 16. august, man-fre: kl. 9.- 16.

Frå 19. august: ordinære opningstider

Bykle samfunnshus/biblioteket

Måndag 24. – torsdag 27. juni kl. 12 - 16

1. juli - 4. august stengt

Nye opningstider samf.huset frå og med 5. august:

Måndagar kl. 10 - 17

Onsdagar kl. 14 - 19 (til 22 viss kino)

Torsdagar kl. 10 – 17

Anna info:

- Frå hausten av, blir familiebadninga på torsdagar (til same tid), oppstart i løpet av september.

- Frå hausten av endrar vi kinotidene i Bykle (til same som Hovden): Barnefilmen begynner kl. 17.30, vaksenfilmen kl. 19.30.

- Husk å spør etter arrangementskalenderen vår, når du skal planlegge arrangement eller anna, slik at vi unngår kollisjonar. Kontakt Hovden grendehus. Meld også inn egne arrangement her, så vi kan ta hensyn i vår planlegging.



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 08:00 - 15:30

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no

Tømekalender

Restavfall: 3.7, 31.7, 28.8

Matavfall: 3.7, 17.7, 31.7, 14.8, 28.8

Glas/metall, papir og plast: 17.7, 14.8

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30.

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

Kontaktinfo: Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.

T: 37930040 post@smg-iks.no Sjå www.smg-iks.no

Tannlegar

Bykle tannklinikk er stengt i perioden 17.06 – 01.09.2019 grunna arbeid på Bykle sjukeheim.

I denne perioden må pasientane nytte Valle tannklinikk.

For avtale om time ring 379 38617 eller 379 37588.

Hovden Tannklinikk, Hovdetun - Ring 37885588 for time

To lyriske meistarar i dialog

Onsdag 21.august kl. 19 i Sæbyggjen, Valle bibliotek.

Paal-Helge Haugen i samtale med

eksilforfattar Ashur Etwebi.

Etwebi er ein libysk professor,

omsetjar, forfattar, lyrikar og

kulturaktivist. Han er ein av Libyas

leiande poetar, har vore i eksil sidan

2010, og er busett i Kattum i Trøndelag.



Flatlandsstoga i Lislestog.

Styret for Morten Henriksen-stiftinga vil gjerne at private innbyggjarar i Bykle kommune og frivillige lag og organisasjonar nyttar Lislestog, og kanskje særleg Flatlandsstoga meir. Flatlandsstoga passar veldig godt til selskap opp til ca 20-24 personar og har eit fullt utstyrt kjøkken.

Private som er folkeregistrert i Bykle kommune og frivillige lag får låne Flatlandsstoga gratis!

Ein tingar lokalet ved å kontakte biblioteket i samfunnshuset i Bykle tlf. 379 38694 eller

bykle.samfunnshus@bykle.kommune.no

For meir opplysningar kontaktar du kulturrådgjevar Leif Kvinlog, tlf. 909 84833.



Reinsdyrjakt ved Hovden før og no

Kulturhistorisk vandring i områda nord for Store Førsvatn

Tid og stad: Søndag 11. august kl. 10.00. Oppmøte ved vegbommen vest for Breive

Turrite: Førsvasskardet, Grønningshyllkvelven ca 15km t/r på sti og i terrenget

Tema: Villreinfangst i dyregreaver, villreinjakt i dag, tamreindrifta og naturen i området

På vegen vil ein mellom anna sjå på dyregrava Førsvassfjelli og gjeterhytta i Grønningshyllkvelven.

Naturlosar: Tommy Vatslid og Snorre Haukalid



Arrangør: SVR og Vest Agder fylkeskommune

For meir info, ta gjerne kontakt på tel. Tlf: 48044583 (Alf Odden, verneområdeforvaltar SVR)

eller 40464095 (Snorre Haukalid, arkeolog Vest-Agder fylkeskommune)

Pilt-Ola festival i Sand i Ryfylke.

Som ei oppfølging av "Ulvetuva-festivalen" i Bykle i fjor sommar inviterer Suldal Sogelag setesdølane til ein gjensitt til Pilt-Ola festival **laurdag 17 august.**

Foredrag om Pilt-Ola ved Tora Liv Thorsen, Eirik Moe skal fortelje om faren, Jon Moe, som skreiv boka "Pilt-Ola".

Sjå elles Facebook til Setesdal Sogelag.

Påmelding til Torgeir Moseid på epost:

brattseid2@hotmail.com

